



T-dagane er eit tilbod til born frå 0-18 år og deira føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru.

Å lære borna opp i trua er også viktig for å gje borna ein tryggleik og eit medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjonar me kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.

I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua.
Dette kan T-dagane hjelpa dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til **T**-dagane, uansett livssyn.



Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss,
Tlf. 56 52 38 80
www.voss.kyrkja.no



STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

VELKOMEN TIL T-DAG

for deg som er 3, 4 eller 5 år og til familien din.

- Sondag 20. september er du hjarteleg velkomen til T-dag i Raundalskyrkja. Me startar kl. 10:00 med aktivitetar, før me øver til prosesjon til familiegudstenesta kl. 11:00. Gudstenesta er særskilt tilpassa 3-, 4-, og 5-åringane. Det er også hausttakkefest, og kyrkja vert pynta med haustfargar. Etter gudstenesta kosar me oss med kyrkjekaffi/-saft og noko godt å bita i.

I gudstenesta får fireåringane utdelt kvar sin barnebibel.

PRAKTISK INFO

3-, 4- og 5- åringen er invitert saman med familien sin: Foreldre, besteforeldre og fadrar. Syskjen er òg velkomne til å vera med.

Påmelding innan tordag 17. september

til Berit Hauge Våle, 916 54 950
Hjarteleg velkomne!

